



Erlend Drivenes på veg til topps i 2014. Han rosa både løpet og naturen, og dette biletet heng på veggen heime i stova hos familien.

**Det første Solfjelløpet vart arrangert i 2009, og etter det har det vorte populært både for konkurranseløparar og trimmarar. Det har kvart år kome ein god del tilreisande deltakarar til løpet som har fått svært mykje positiv omtale. I år har dessverre arrangørane sett seg nøydde til å avlysa løpet og få det stroke av terminlista. Dei har sendt ut følgjande pressemelding:**



Solfjelløpet har også vore viktig som trimløp og familietur. Frå første løpet i 2009.

«Grunna samtidige arrangement, ser ski og friidrettsgruppa seg nøydde for å avlysa årets Solfjellløp, noko vi beklagar.

Vi vil tross av dette, prøva å få til eit uoffisielt testløp opp til råkjo på Solfjell. Dette vil bli annonsert når og om vi får det til.»

Uskedalen.no har dekkja dette flotte arrangementet kvart år frå starten. Vi har gjennom deltakarar utanfrå fått høyra mykje positivt både om sjølve løpet og om naturen det går i. Det har vore ei flott marknadsføring av bygda vår.

Den gode skiløparen Erlend Drivenes karakteriserte Solfjelløpet som skikkeleg krydder i treningskvardagen då eg intervjuja han i samband med løpet i 2015. Han sa også:

«Eg likte løpet i fjor veldig godt. Både løypa og naturen med den fantastiske utsikten, var heilt topp.» Det høyrer også med til historien at mor hans likte biletet øvst så godt at ho bad om å få det tilsendt, fekk det forstørtra, sett i ramme og fekk plassert det fint på veggen i stova heime hos idrettsfamilien.

Avlysinga i år er eit faktum, men lat oss håpa det vert plass på kalendaren komande år til at arrangørane får føra dette flotte løpet vidare. Det ønskjer både dei og mange andre.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Anbjørn Høivik og Ola Matti Mathisen